
Vår referanse 2021/52975-2
Dato 22.11.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Deling - Fv. 525 Radøyvegen - Gnr 151 bnr 1 - Morken Indre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 28.10.21.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om dispensasjon etter plan og bygningslova for frådelling av tun og naust på landbrukseigedom gnr 451 bnr 51 i Alver kommune. Arealet som skal delast frå skal overførast til nabobruket gnr 451 bnr 2, som skal drive landbruksareala vidare.

Eigedomen er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål jf. kommunedelplan for Radøy. Dei to eigedomane ligg på kvar si side av fv. 525 Radøyvegen.




Fig: Oversiktskart gnr 451 bnr 1 og 2

Saksgang:

Før det vert gjeve løyve til frådelling etter pbl er det eit krav at det må føreligge eit avkøyrsløyve jf. pbl. 27-4. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale oss i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. 19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

I dette brevet uttalar fylkeskommunen seg som samferdslemynde med ansvar for framcome og trafiktryggleik på fylkesveg.

Eigedomen som skal frådele tun og naust, ligg langs begge sider av fv. 525 Radøyvegen. Eigedom med nemning bnr 2, som skal få tilført areal, ligg på nordsida av fylkesvegen. I praksis treng bnr 1

løyve til endra bruk av avkøyrsløve, sidan føremålet går frå landbruk til bustad og naust, medan bnr 2 ikkje får endra bruk av avkøyrsla. Avkøyrsløve til bnr 1 ser ut til å ha ei tilfredsstillande utforming, basert på vurdering av kart og vegbilete. Det kan påreknast eit nytt løyve etter veglova dersom kommunen godkjenner frådeling som omsøkt.

Det vil i praksis ikkje vere behov for søknad om endra bruk av avkøyrsløve til bnr. 2. Basert på vurdering av kart, flyfoto og gatebilete er avkøyrsløveforholda til bnr 2 ikkje tilfredsstillande i dag. Vi meiner at tiltaket som er omsøkt vil medføre meir kryssing av fv, 525, og at det vil vere behov for gode avkøyrsløve som er godt synleg frå veg. Vi vil difor minne om at avkøyrsløve skal haldast vedlike, og vi oppmodar om å utbetre avkøyrsla slik at den får ei betre utforming. Aktuelle tiltak for å utbetre avkøyrsla er å gå inn i skjering slik at svingradius vert større og ein oppnår betre plassering og sikt i avkøyrsla. Ei slik utbetring vil vere søknadspliktig etter veglova. Vi vil og vise til føresegner i Kommunedelplan for Radøy § 2.3.1 som stiller krav til stigningsforhold i avkøyrsløve.



Fig: Vegbilete 2020.

Sluttord:

Normalt vil vi ikkje har merknad til frådeling i samband med bruksrasjonalisering. Det må stillast krav at det skal føreligge nytt avkøyrsløve før det vert gjeve løyve til deling etter plan og bygningslova. Det kan påreknast løyve etter veglova for frådeling av tun på gnr 451 bnr. 1 dersom vi mottek ein slik søknad..

Vi meiner det er behov for å vurdere avkøyrsløveforholda til bnr 2 i samband med søknad om dispensasjon og frådeling, og oppmodar om å utbetre avkøyrsla slik at forholda vert betra. Ei slik utbetring vil vere søknadspliktig etter veglova.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen
Isenioringeiør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift